

---

Saksnr: 2021/46552-4  
Saksbehandlar: Anders Søyland

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.11.2021

## Tilskot til prosjektering for å få med fleire kommunar i eit friluftsråd

Forslag til vedtak

1. Det tildelast tilskot etter følgende fordeling:

Søkjjar:	Prosjektnamn	Tilrådd sum
Sogndal kommune	Indre Sogn friluftsråd	225.000 kr
Bergen og Omland Friluftsråd	Utgreie deltaking i BOF frå nye kommunar	165.000 kr
Fjordane Friluftsråd	Promotering nye kommunar og fagleg utvikling friluftsliv	60.000 kr
<b>Totalt:</b>		450.000 kr

Det vert vist til vedlagt vurdering av søknadane for grunngjeving av fordeling av tilskotet. Løyvingane vert dekt innanfor vedteke budsjett for 2021 frå post 460.400, tilskot fleire kommunar med i eit friluftsråd.

## Samandrag

Vestland fylkeskommune meiner at medlemskap i eit interkommunalt friluftsråd er ein tenleg måte å drifte og forvalte friluftsområda på i kommunane. At flest mogleg kommunar er med i eit friluftsråd styrkar satsinga på friluftsliv i Vestland.

For å medverke til at kommunar som i dag ikkje er medlem av eit friluftsråd skal kunne etablere nye friluftsråd eller bli med i eksisterande friluftsråd, lyste fylkeskommunen ut eit tilskot på 450.000 kr.

Det kom inn tre søknadar på tilskotet innan søknadsfristen 1. oktober.

Per Morten Ekerhovd  
avdelingsdirektør

Britt Karen Spjeld  
Seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

## 1 Vurdering av innkomne søknadar

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

For å styrke satsinga på friluftsliv i Vestland og for å oppnå mest mogleg hensiktsmessig forvaltning og drift av tilrettelagte friluftsområde, er det eit ønske at flest mogleg kommunar er medlem av eit friluftsråd. Erfaring visar at kommunar som har organisert drifta av friluftsområda i kommunen gjennom eit friluftsråd får mykje meir igjen for pengane enn om dei sjølv skulle stått for drifta av desse områda.

Friluftsråda bidreg til eit auka fokus på friluftsliv og naturforvaltning ved at dei organiserer strandryddeaksjonar, arrangerer friluftslivsaktivitetar og er høyringspart i saker som omhandlar friluftsliv.

Ved oppretting av eit nytt friluftsråd, eller dersom eit eksisterande friluftsråd skal utvidast med fleire medlemskommunar, må det gjerast eit utgreiingsarbeid for m.a. å finne ut kva kommunar som er aktuelle medlemskommunar, kva økonomiske og driftsmessige konsekvensar oppretting eller utviding av eit friluftsråd får og korleis sjølve drifta av friluftsrådet skal organiserast. Det må og lagast ein driftsplan som seier kva friluftsområde friluftsrådet skal forvalte og kva andre friluftsliv-oppgåver friluftsrådet skal løyse. Det utlyste tilskotet er meint å bidra til at kommunar og friluftsråd kan avsette ressursar til eit slikt utgreiingsarbeid, t.d. ved oppretting av ei prosjektstilling.

Innan søknadsfristen kom det inn tre søknadar på tilskott frå høvesvis Bergen og Omland Friluftsråd, Fjordane Friluftsråd og frå Sogndal kommune. Søkarane har ulik tilnærming til korleis dei vil jobbe for å få med kommunar i friluftsråd.

I Sogndal ønsker kommunen å ta initiativ til å starte eit nytt friluftsråd i Indre Sogn. For å greie ut korleis eit slikt friluftsråd kan organiserast, kva arbeidsoppgåver som skal ligge til friluftsrådet og kva kommunar som kan vere aktuelle som medlemmar, ønsker dei å opprette ei 100% prosjektstilling. Prosjektstillinga vil kunne jobbe fram eit vedtaksgrunnlag for oppretting av eit interkommunalt friluftsråd. Det er og tenkt at prosjektstillinga skal kunne vere ein ressurs i andre friluftslivesprosjekt, som t.d. friluftslivets ferdselsårer.

Bergen og Omland Friluftsråd søker om tilskott for å kunne sette av interne ressursar for å utgreie medlemsskap for ein eller fleire nye medlemskommunar. Dei vil arrangere arbeidsmøte med kommunane og få fram eit kunnskapsgrunnlag som gjev dei aktuelle medlemskommunane gode føresetnader for å kunne fatte vedtak om medlemsskap. Kommunane Voss og Gulen har teke kontakt for kartlegge mogleg medlemsskap.

Fjordane Friluftsråd blei starta opp i 2017 og har behov for styrke den faglege kapasiteten på friluftslivesfeltet. Dette ønsker dei å oppnå m.a. ved å tilsette ein ny friluftsrådgjevar. Med ein slik ressurs vil dei ha kapasitet til å promotere seg sjølv til potensielle nye medlemskommunar og jobbe målretta for å utvide friluftsrådet.

Til saman blei det søkt om 974.849 kr. Da søknadssummen langt overstig tilgjengeleg beløp er det naudsynt å gjere prioriteringar i tildelinga som syter for at føremålet med tilskotet i størst mogleg grad blir nådd, altså at fleire kommunar blir medlem i eit friluftsråd.

**Generelt:**

Budsjett 2021 (post460.400): 450.000 kr

Søknadsfrist 2021: 1. oktober

Kriteria og informasjon: <https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/friluftsliv/tilskot-til-etablering-av-nye-friluftsråd/>

**Søknadar 2021**

Tal på søknadar: 3

Tal på søknadar som tildelast støtte: 3

Samla søknadssum: 974.849 kr

Samla løyving: 450.000 kr

**Vedtakskompetanse**

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

**Vurderingar og verknader****Økonomi:**

Løyvingane vert dekt innanfor vedteke budsjett for 2021 frå post 460.400, tilskot fleire kommunar med i eit friluftsråd.

**Klima:**

Å drifte tilrettelagte friluftsområde krev eit driftsapparat i form av t.d. bilar, båtar og maskinar. Det vil kunne vere enklare for eit interkommunalt friluftsråd å gjennomføre ei grøn driftsomstilling, enn for ein einskilt kommune. Eit friluftsråda kan bidra til å betre moglegheitene for friluftsliv der folk bur og på den måten bidra til eit kortreist og meir berekraftig friluftsliv.

**Folkehelse:**

Å få med fleire kommunar i friluftsråd er positivt i eit folkehelseperspektiv i den forstand at friluftslivet blir styrka i medlemskommunane. Betre drift og forvaltning av friluftsområde kan bidra til at fleire menneske nyttar seg av desse områda og lettare kjem seg ut på tur. Det enkle friluftslivet er nokke nær sagt alle kan drive, uavhengig av sosioøkonomisk bakgrunn. At det er tilgjengelege friluftsområde i nærleiken til der folk bur, kan bidra til å redusere sosial ulikskap, vere inkluderande og auke livskvaliteten til innbygarane.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Oppretting av friluftsråd støttar opp om FN sine berekraftsmål ved at ein indirekte styrkar folkehelsa og legg til rette for berekraftige og attraktive lokalsamfunn. Ved utøve ei naturvennleg forvaltning av friluftsområda og gjennom rydding av marin forsøpling, bidreg friluftsråda til å betre miljøtilhøva på land og til sjøs.

Oppretting av friluftsråd fremjar regional medverknad og samhandling i den forstand at det bidreg til samarbeid på tvers av kommunegrensene.

Oppretting av friluftsråd har ein meirverdi for kommunar og innbygarar, både ved at kommunane kan oppnå ei betre og meir langsiktig forvaltning av friluftsområda og ved at det generelle fokuset på friluftsliv kan bli styrka.

**Konklusjon**

Fylkesdirektør rår Hovudutval for kultur, idrett og integrering å tildele 450.000 kr i tråd med tilrådd fordeling.